



FJELLNETTVERKET

Handlingsplan for 2026–2028

Innhold

Om handlingsplanen	3
Om Fjellnettverket	4
Visjon	4
Formål.....	4
Hovudstrategiar:.....	4
1. Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltakar og leverandør i nasjonale- og regionalpolitiske diskusjonar	5
A. Økonomi	6
B. Natur:	7
C. Sosialt:.....	7
D. Kultur:.....	8
2. Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda.	9
3. Fjellnettverket skal delta i internasjonalt samarbeid	10
4. Eigne prosjekt og tiltak.....	11
Auke tilflyttinga til fjellområda	11
Bondens bord.....	12
Fjellindeksen	12

Om handlingsplanen

Handlingsplanen er treårig og bygger på *Fjellpolitikk. For levande og livskraftige fjellbygder*, som er ein plattform for arbeidet og som vart vedteke av rådsmøtet i 2021.

Handlingsplanen er langsiktig og tek for seg tema og områder som Fjellnettverket skal arbeide med. Handlingsplanen skal danne grunnlaget for arbeidet til styret i Fjellnettverket.

Om Fjellnettverket

Visjon

Levande og livskraftige fjellbygder.

Formål

Fjellnettverket er eit politisk nettverk. Fjellnettverket er ein pådrivar for ein politikk som sikrar at ressursar og verdier i fjellområda gir grunnlag for utvikling og trivsel i fjellområda i Noreg.

Vi arbeider for

- At det er og skal vere attraktivt å bu i fjellområda,
- å synleggjere dei verdiane naturressursane utgjer i og nær fjella våre,
- å forvalte fjella på berekraftig vis,
- å hauste og utvikle naturressursane til nytte for no buande og framtidens innbyggjarar i og nær fjella og for storsamfunnet.
- At det blir lagt til rette for at tilreisande skal kunne bruke fjella på skånsamt vis.
- At fjellperspektivet skal innarbeidast i all nasjonal politikk som vedkjem våre område.

Fjellnettverket arbeider etter fire hovudstrategiar:

1. Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltakar og leverandør i nasjonale- og regionalpolitiske diskusjonar.
2. Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda.
3. Fjellnettverket skal delta aktivt i internasjonalt samarbeid
4. Fjellnettverket kan iverksette egne prosjekt og tiltak

1. Fjellnettverket skal vere ein aktiv deltakar og leverandør i nasjonale- og regionalpolitiske diskusjonar

Fjellnettverket skal ha som hovudoppgåve å arbeide for å styrke ein politikk som tek vare på fjellområda og sikre gode levekår for innbyggjarane i fjellområda. Fjellnettverket skal være ein pådrivar som sikrar at ressursane og verdiane i fjellområda gir grunnlag for utvikling og trivsel. For å sikre utvikling i fjellområda skal Fjellnettverket jobbe for en nasjonal fjellpolitikk som styrker berekraftig næringsutvikling, sysselsetting og folketalsutvikling i fjellet.

Landbruk og reiseliv er sentrale næringar for fjellområda og arbeid med å styrke rammevilkåra for desse, skal prioriterast.

Fjellnettverket skal:

- Utvikle og arbeide for ein politikk som vil styrke fjellområda.
- Arbeide for at verdiskapinga av naturressursane skal komme fjellområda til gode.
- Synleggjere at fjellområda bidreg til auka berekraft og at ein aktiv fjellpolitikk bidreg til det grønne skiftet.
- Arbeide for ein fjellpolitikk som byggjer på eit samspel basert på økonomiske, kulturelle, sosiale og naturgitte verdier:

A. Økonomi

Ein variert og trygg arbeidsmarknad er grunnlaget for busetting og økonomisk vekst. Låg arbeidsløyse og ein arbeidsmarknad der ulike kompetanse kan sysselsetjast er naudsynt for at fjellområda skal vere attraktive plassar for fastbuande.

Fjellnettverket skal arbeide for:

- Ein aktiv næringspolitikk som sikrar ein variert og trygg arbeidsmarknad i fjellkommunane, både gjennom nyetableringar og styrking av eksisterande verksemdar i fjellområda.
- Politiske verkemiddel som styrkar etablering og nyskaping i fjellområda
- Digital struktur, mobil og breiband er tilgjengeleg i fjellområda og prioritert med virkemidlar og insentiv.
- Sikre utdanningstilbod som næringslivet i fjellkommunane treng.
- Auka busetting gjennom bruk av digitale løysningar og heimekontor.
- Styrke lokal produksjon og verdiskaping, særleg lokalprodusert mat og eit opplevingsbasert reiseliv.
- Arbeide for å betre rammevilkåra for fjellandbruket gjennom auka bruk av utmarksressursar og styrking av forskning, utvikling og kapasiteten i fjellandbruket.
- Ivareta ressursgrunnlaget for reindrift og sikre framtidig reindrift i fjellområda.
- Styrke kollektivtransport og anna berekraftig mobilitet i fjellområda.
- Gode rammevilkår for lokal beredskap
- Styrke fjellområda si rolle i nasjonal beredskap blir del av nasjonale planar og budsjett for beredskap i Noreg.

B. Natur:

Ei berekraftig utvikling av fjellområda er naudsynt for det grønne skiftet i Noreg.

Fjellnettverket skal arbeide for:

- Berekraftig bruk av naturressursar skal danne grunnlaget for vidareutvikling og nyskaping av næringslivet i fjellområda.
- Auka fokus på fjellandbruket og synleggjere korleis fjellandbruket bidreg til matproduksjon av høg kvalitet som aukar sjølvforsyningsgraden i Noreg.
- Styrke biologisk mangfald gjennom blant anna bruk av utmark som beiteareal.

C. Sosialt:

Fjellområda skal og bør ha inkluderande lokalsamfunn som har same vilkår for tryggleik og velferd som andre område.

Fjellnettverket skal arbeide for:

- Berekraftige regionar som har ei balansert befolkningssamansetning og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil legge til rette for og halde på hovudtrekka i busettingsmønsteret.
- Eit meir berekraftig inntektssystem der lokalisering, dimensjonering og offentleg infrastruktur, beredskap og anna

offentleg tenesteproduksjon må baserast på brukartal framfor innbyggartal.

- Gode regionale og nasjonale ordningar for differensierte bustadtilbod.
- Eit desentralisert, breidt og relevant utdanningstilbod.
- Kompetanseutvikling i næringar som er sentrale i fjellområda.

D. Kultur:

Kulturarven i fjellområda har ein stor verdi i seg sjølv og som utviklingskraft. Kulturarven er viktig å ta vare på og utvikle, både for dei fastbuande og for tilreisande.

Fjellnettverket skal arbeide for:

- Å vareta kulturlandskapet i fjellområda.
- Ei tettare kopling mellom reiseliv og lokal kultur- og naturbasert næring.
- Å styrke nyskaping og vilkår for næringsverksemd basert på kulturarv og tradisjon.
- Å fremje immateriell kulturarv som forteljartradisjon og folketru for å styrke lokal identitet og særegenheit
- At landbruk og lokal matproduksjon er ein sentral del av kulturarven frå fjellet. Drift av stolar og vedlikehald av kulturlandskapet har både ein økonomisk og ein kulturell verdi.
- At reindrift og samisk kultur, språk og mattradisjonar bli formidla som ein sentral del av kulturarven frå fjellet

2. Fjellnettverket skal formidle kunnskap om fjellområda.

Fjellnettverket skal være fjellområdass talerøyr og vere ein synleg og tydeleg stemme for fjellkommunane. Fjellområda har mange fellestrekk. Gjennomslagskrafta aukar ved å stå saman for å finne gode løysningar og påverke politikk for fjellområda. For å lukkast i dette arbeidet er alliansebygging og gode samarbeidspartar viktig og Fjellnettverket skal arbeide for å styrke nettverket og samarbeid i fjellområda. Kunnskap om utvikling og forhold i fjellområda legg grunnlag for arbeidet. I tett samarbeid med fagmiljø og andre organisasjonar skal Fjellnettverket bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget om fjellområda.

Fjellnettverket skal:

- Profilere og presentere Fjellnettverket.
- Følgje opp potensielle og eksisterande medlemmar.
- Ha dialog med relevante politiske aktørar og enkeltpolitikar om aktuelle saker for fjellområda.
- Samarbeide med andre organisasjonar med tilliggjande arbeidsfelt.
- Bruke sosiale media, nettsider og media for å gjere arbeidet til Fjellnettverket kjent.
- Arrangere årleg fjellkonferanse om aktuelle tema for fjellområda.
- Delta aktivt på arrangement og konferansar med prioriterte tema og samarbeidspartnarar.
- Følgje aktuelle forskingsinstitusjonar og bruke resultata som grunnlag for arbeidet til Fjellnettverket.
- Bestille utgreiingar eller rapportar ved behov for grundig kunnskapsgrunnlag i prioriterte saker for Fjellnettverket.

3. Fjellnettverket skal delta i internasjonalt samarbeid

Fjellnettverket arbeider internasjonalt i hovudsak gjennom Euromontana. I dette samarbeidet vil vi påverke politikk, inngå samarbeid og kunnskapsdeling med aktørar i andre land som har fjellressursar innanfor sine grenser.

Nettverket bør vere ein pådrivar for å formidle samarbeid og partnerar i internasjonale prosjekt og gjennom dette vere med å bidra til å styrke konkurransekraft og kompetanse i fjellområda.

Fjellnettverket skal:

- Ha ein koordinerande rolle i fellessaker for dei norske medlemmene i Euromontana.
- Arbeide for at fylkeskommunane som er medlemmer i Euromontana formidlar relevante saker til Fjellnettverket.
- Fjellnettverket skal være pådrivar og formidlar av internasjonale prosjekt knytt til fjellområda og ha kontakt med internasjonale organisasjonar der det er hensiktsmessig.

4. Eigne prosjekt og tiltak

Fjellnettverket skal arbeide for egne prosjekt og iverksette tiltak som bidrar til å styrke arbeidet. Prosjekta skal være med på å utvikle fjellområda. I perioden handlingsplanen gjeld skal Fjellnettverket arbeide for fleire forskings- og utviklingsprosjekt i fjellområda.

Auke tilflyttinga til fjellområda

I denne perioden ynskjer Fjellnettverket å vidareføre arbeid for å auke tilflytting til våre område. Bakgrunnen er befolkningsutviklinga i fjellområda. Skal fjellområda i framtida vere levande og livskraftige, trengs det tiltak både på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå for å gjere fjellområda meir attraktive.

Det er nødvendig med eit godt fagleg grunnlag for eit slikt arbeid. Fjellnettverket har identifisert at det manglar sentral kunnskap om flyttemotiv i befolkninga. Nyare kunnskap viser at avgjerd om flytting handlar for mange om livsstil og verdier i tillegg til arbeidsplassar og bustader, men dette er det svært lite kunnskap eller forskning på.

Første fase av kunnskapsinnhenting vart starta i 2024. Ny kunnskap skal legge grunnlaget for attraktivitetsarbeid for fjellområda på tvers av kommune og fylkesgrenser. Dette skal styrke det lokale tilflyttingsarbeidet/bu- og blilyst i kommunane/regionane.

Problemstillinga med sentralisering er aktuell på tvers av Europa og Fjellnettverket skal arbeide for å få til europeisk samarbeid og finansiering av arbeidet.

Målet er å påverke flytting frå sentrale strøk til fjellområda og bidra til rekruttering og nyetablering i fjellet.

Bondens bord

Fjellnettverket vil vidarareføre arbeidet med Bondens bord. Det er eit heilt nytt konsept i Noreg, der bønder tilbyr matsservering på garden. Arbeidet med å sette i gong ei prøveordning starta opp i 2022 og så langt er 21 gardsbruk i fjellområda i gang med å opne gardsbruka sine for tilreisande og lokalbefolkning. Dei tilbyr matsservering basert på eigne produkt og formidlar historier knytt til gardsbruk, matproduksjon og lokal kultur.

Erfaringa så langt er at dette er eit etterspurt produkt av tilreisande og lokale, det gir auka inntekter til bonden og det er eit berekraftig tilbod som styrkar reiselivet i regionen. Tilbakemeldinga frå besøkande er svært gode og bøndene sjølv melder om at dei gjennom dette kan bruke gardens ressursar og auke inntektene, utan store investeringar.

Det å etablere ei heilt ny form for serveringsordning i fjellområda er eit arbeid i utvikling. Fjellnettverket ynskjer difor i kommande periode å utvikle Bondens bord vidare gjennom å få med fleire bønder på arbeidet, utvikle konseptet og bidra til at ordninga blir kjent.

Fjellindeksen

Fjellnettverket har som mål å styrke kunnskapsgrunnlaget om fjellområda og som et ledd i dette arbeidet er det utvikla ein indeks med status for fjellkommunane og fjellområda. Fjellindeksen er utvikla i samarbeid med Fjell-forsk-nett og Telemarkforskning. Målet er at fjellindeksen skal bidra i arbeidet med å sette fjellområda på dagsorden og danne grunnlag for vidare kunnskapsutvikling. Indeksen skal gje grunnlag for å følgje med på korleis fjellområda utviklar seg.

